

VURDERINGSTEAM:

- Aina Vaage, einingsleiar Erfjord skule, Suldal
- Annlaug Wegner, PP-kontakt barnehage
- Magnhild Hjartåker, PP-kontakt skule
- Britt-Elin Håranes, rådgjevar oppvekst, Suldal

Ekstern vurdering Vik oppvekstsenter

Tilbakemelding frå vurderingsteamet haust 2026



Vik oppvekstsenter
Ekstern vurdering 2026


Språk
Tekst
Lesing
Utviklingsområde



Grunnlag for vurderinga

- I arbeidet med barnehagen og skulen sitt utviklingsområde er det laga eit framtidsbilete som skal visa korleis det er i barnehagen og skulen når alt er optimalt. Vi har sett på dette i forhold til elevar, føresette, tilsette og leiinga.
- Til framtidsbiletet har ein utarbeidd kriterier og kjenneteikn på god praksis.
- Denne presentasjonen kan sjåast som ein rapport og gir svar på kor Vik oppvekstsenter står når det gjeld:
  - Framtidsbiletet knytt til vald utviklingsområde
  - Dei kriteria/kjenneteikna som er sett opp
  - Føringar i Barnehagelova, Rammeplan, Opplæringslova og LK20
- Presentasjonen gir råd om kva ein bør gjere vidare for å nå framtidsbiletet.

Framtidsbilete

- Hos oss boblar det av språkglede!

- Hos oss er lesing ei kjelde til gleda, meistring og læring!
- Hos oss les me ikkje berre fordi me må, me les fordi me har lyst.



Kriterier barnehage og skule

Barnehage

- Barna opplever språkglede og bruker språket aktivt i leik, læring og samspel.
- Tilsette er språkmedvitne vaksne som fremjar språkutvikling, deltaking og språkglede hos alle barn.
- Føresette opplever at barnehagen samarbeider aktivt med heimen om barna si utvikling og språkglede.
- Barnehagen arbeider systematisk og kunnskapsbasert for å utvikla eit språkstimulerande og inkluderande læringsmiljø.

Skule

- Elevane opplever at lesing gir glede, meistring, læring og fellesskap.
- Tilsette fremjar leselyst, språkutvikling og lærelyst gjennom tydeleg og inkluderande praksis.
- Føresette støttar og bidreg til ein positiv lesekultur rundt elevane.
- Skulen har ein felles kultur der lesing er eit verktøy for læring, danning og deltaking i alle fag.

Metodar

Deltakande observasjon

Samtalar med tilsette

Daglege samtalar med leiing

Samtalar med elevar og barn

Samtale med føresette



Utval

- Deltakande observasjon i alle klassar og grupper inne og ute.
- Samtale med elevråd
- Uformelle samtalar med elevar og barn inne og ute.
- Samtalar med 3 fagarbeidarar/ assistentar
- Samtale med 3 lærarar.
- Samtale med 2 pedagogiske leiarar
- Samtale med 4 føresette
- Samtalar med einingsleiar



Vik oppvekstsenter sine sterke sider

- Trygt og godt læringsmiljø i barnehagen og skulen.
- Flott og inspirerande uteområde.
- Elevane møter tydelege forventningar til sosial åtferd i samspel med andre.
- Trygge vaksne som bryr seg om barn og elevar.
- Ei engasjert foreldregruppe.
- Ryddig og god orden i alle rom.
- Utviklingsarbeid om språk, tekst og lesing er synleg og allereie godt i gong.
- Vaksne i barnehagen og skulen er tilstades og møter barna med omsorg og ekte interesse.





Barnehage
Vik oppvekstsenter





Kriterium 1:
Barna opplever språkglede og bruker språket aktivt i leik, læring og samspel.

Me har sett/opplevd/høyrt:

- Me ser eit trygt og godt barnehagemiljø med lite konfliktar.
- Barn blir sett, og dei vaksne har gode relasjonar til barna, og tid til kvar enkelt.
- Bøker er tilgjengelege for borna.
- Det er mykje språkglede og språkstimulerande aktivitetar i samlingsstund.
- Tema om følelsar blir gjenspegla i strukturerte og ustrukturerte situasjonar.
- Barna øver på ord og omgrep gjennom å bruka fleire sansar.
- Glede og humor.

Kriterium 2:

Tilsette er språkmedvitne vaksne som fremjar språkutvikling, deltaking og språkglede hos alle barn.

Me har sett/opplevd/høyrt:

- Samlingsstundene er av høg kvalitet og inneheld både varierte aktivitetar og innbyr barna til aktiv deltakelse.
- Vaksne er gode språkmodellar og lyttar til borna i alle situasjonar.
- Vaksne deltek i leik, er lyttande og bruker eit rikt og variert språk som innbyr til dialog.
- Vaksne støttar barn språkleg og emosjonelt i alle situasjonar.



Kriterium 3:
Føresette opplever at barnehagen samarbeider aktivt med heimen om barna si utvikling og språkglede.

Me har sett/opplevd/høyrt:

- Føresette opplever at barnehagen er ein trygg og god plass for ungane deira.
- Det er lett å ta kontakt med barnehagen.
- Foreldre opplever at dei og barna blir godt mottekne på morgonen.
- Foreldre er informert om arbeidet med språk og har fått tips om korleis dei kan støtte barna si språkutvikling.
- Foreldra får informasjon om barna si utvikling på foreldresamtalar.





Kriterium 4:
Barnehagen arbeider systematisk og kunnskapsbasert for å utvikla eit språkstimulerande og inkluderande læringsmiljø.

- **Me har sett/opplevd/høyrt:**
  - Avdelingane har konkretisert arbeidet med språk til to områder: vaksenrolla og kvalitet for høgtlesing.
  - Me har sett døme på grundige og tydelege arbeidsplanar for dei tilsette.
  - Me opplever at alle tilsette er engasjert og motivert for arbeid med språk.
  - Me får inntrykk av at samarbeidet med HVL bidreg til å styrka arbeidet med språk.
  - Me har sett fleire døme på barn som bryr seg om kvarandre.



RÅD TIL VIDARE ARBEID

Barnehagen bør:

Utarbeida ein felles MAL for månadsplan som inneheld ei evaluering av det som har vore og oversikt over komande månad.

Grunngjeving:
Dette kan styrka samarbeidet med heimen og legge til rette for at foreldra kan samtale med barna heime. Ein felles mal vil òg styrkje den pedagogiske kvaliteten ved å sikre meir lik praksis på tvers av avdelingar, gjere informasjonen meir oversiktleg og bidra til at arbeidet er forankra i årsplan, Rammeplan og lokale satsingsområde.



RÅD TIL VIDARE ARBEID

Barnehagen bør:

Gjennomgå dagsplan saman med borna kvar dag.

Grunngjeving:
Me har sett at det er ein dagsplan på veggen men ikkje sett den i bruk. God oversikt over dagen skapar forutsigbarhet og tryggleik for barna.
Ein dagsplan kan også vera eit godt utgongspunkt for samtale.



Skule
Vik oppvekstsenter



Kriterium 1
Elevane opplever at lesing gir glede, meistring, læring og fellesskap.

Me har sett/opplevd/høyrt:

- Elevane opplever eit trygt og inkluderande læringsmiljø.
- Elevane les dagleg tekst i ulike sjangrar.
- Elevane har god tilgong på bøker i klasserommet.
- Elevane opplever å bli inkludert i lesefellesskapet.
- Elevgruppa er stolt av skulen sin.
- Elevane set pris på fellesopplevingar på tvers av trinn.
- Elevane seier at dei vaksne på skulen er kjekke.



Kriterium 2:

Tilsette fremjar leselyst, språkutvikling og lærelyst gjennom tydeleg og inkluderande praksis.

Me har sett/opplevd/høyrt:

- Tilsette legg til rette for dagleg lesing.
- Tilsette er lesande førebilete, t.d.høgtlesing.
- Tilsette har stort fokus på lesing og skriving i alle fag.
- Tilsette er tydelege leiarar i klasserommet.
- Tilsette arbeider aktivt og systematisk med ordforråd og fagomgrep i alle fag.
- Tilsette tilpassar undervisninga til enkeltelevar og grupper.
- Tilsette viser engasjement og motivasjon knytt til satsingsområdet.





Kriterium 3:
Føresette støttar og bidreg til ein positiv lesekultur rundt elevane.

Me har sett/opplevd/høyrt:

- Føresette opplever at skulen er ein trygg plass for elevane.
- Føresette opplever god dialog med skulen om eleven si utvikling.
- Føresette får informasjon om korleis skulen jobbar, og legg til rette for eleven si leseutvikling.
- Me har høyrt døme på føresette som nyttar biblioteket for å støtte opp om elevane si mengdetrening i lesing.



Kriterium 4:

Skulen har ein felles kultur der lesing er eit verktøy for læring, danning og deltaking i alle fag.

- **Me har sett/opplevd/høyrt:**

- Skulen har ein felles plan for lesing og lesestrategiar på alle trinn.
- Personale er samkøyrte og støttar kvarandre i praksis.
- Leiinga legg til rette for utvikling av felles pedagogisk praksis gjennom samarbeid og lærande nettverk.
- Skulen arbeider systematisk med kartlegging, oppfølging og tidleg innsats.

RÅD TIL VIDARE ARBEID

Skulen bør vidareutvikle:

- **Arbeid med automatisering av lesestrategiar og oppsummering etter leseøkter**

Grunngjeving:
Me har sett plakatar av SALTO lesestrategiar i klasserom, men ikkje observert at strategiane blir brukt i alle fag.
Me har observert at elevane les mykje gjennom dagen men lurer på korleis ein sikrar munnleg språk- og leseforståing som ein kan få ved at lærar fortel frå si bok, eller at elevane fortel om eiga bok til ein læringsvenn.



RÅD TIL VIDARE ARBEID

Skulen bør vidareutvikle:

- **Elevane skal vere kjende med læringsmåla og kunne setje ord på eiga læring.**



Grunngjeving:
Gjennom observasjonar har me ikkje sett tydelege mål i oppstart av timen. Med gjennomgang av mål for timen, og oppsummering av mål i slutten av timen vil ein ha ein raud tråd gjennom økta. Då kan ein sjekke om elevane har fått med seg det viktigaste frå økta. Mål på vekeplan i ulike fag gir føresette oversikt over tema. På den måten kan føresette og elevar ha faglege samtaler som heng saman med tema gjennomgått på skulen.



RÅD TIL VIDARE ARBEID

Barnehage og skule bør:

- Saman utforske og drøfte samanhengen mellom språk, tekst og lesing for å byggje ei felles forståing i heile oppvekstsenteret.



Grunngjeving: Språkutvikling er grunnlaget for all seinare lese- og skriveopplæring. Ei felles forståing av samanhengen mellom språk, tekst og lesing styrkjer kvaliteten i språkarbeidet og gir barna eit betre grunnlag for vidare læring.

Prosessen vidare

- Rektor, rådgjevar for oppvekst og PP-kontaktar har eit møte innan slutten av januar 2027 for å gjennomgå råda frå vurderingsteamet. Einingsleiar har ansvar for å kalle inn til møtet.
- I møtet blir det sett opp ein plan for korleis oppvekstsentere skal jobba målretta for å følgje opp råda, samt gjennomføra og evaluera tiltak som blir sett i verk.
- Ein blir òg einige om korleis skuleeigar og PP-rådgjevar skal støtte oppvekstsenteret i dette arbeidet

